

## Handlingsplan 2023 - FORREGION VESTLAND - BEDRIFT -

- **Vedteke av styret for RFF Vestland og FORREGION 19. desember 2022.**

### FØREMÅL

Føremålet med FORREGION Vestland er å mobilisere næringslivet til i større grad å nytte forsking i innovasjonsarbeidet.

Vestland fylke har energi, prosessindustri, landbruk, marin, maritim, IKT, bygg og verdikjede knytt til reiseliv som sentrale næringsområde. Alle desse har stort omstillingsbehov og unytta potensial for berekraftig verdiskaping. Med meir bruk av forsking skal bedriftene støtte og forsterke eit klimanøytralt, konkurransedyktig og berekraftig næringsliv, og slik bidra til fleire arbeidsplassar og god omstillingsevne. FORREGION Vestland er ein del av fylkeskommunen si langsiktige satsing på mobilisering til forsking og vart starta opp i 2021 med ein prosjektplan over 3 år.

Handlingsplanen gjeld åra 2022 og 2023. Dette er ein justert versjon for året 2023.

Det er ei utfordring at bedrifter i Vestland fylke ikkje nyttar forsking som verktøy i sine innovasjonsprosessar i den grad ein kan forvente gitt næringsstruktur og kunnskapsmiljø (jfr.

Indikatorrapporten, [2021, Forskningsrådet](#)). Dei når heller ikkje tilstrekkeleg opp i konkurransen om nasjonale midlar til Innovasjons-prosjekt i næringslivet (IPN). Dette står i kontrast til at Vestland har nokre av dei mest verdiskapande næringsmiljøa i landet, med svært høg eksportverdi og viktige universitet, høgskular og forskingsinstitutt.

FORREGION Vestland er forankra i Temaplan forsking for Vestland som bygger på Utviklingsplan for Vestland 2020–2024 og Berekraftig verdiskaping - Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033 i Vestland fylke.

*Utviklingsplan for Vestland fylke (2020 – 2024) har Nyskapande og berekraftig som overordna visjon. Ein sentral strategi i planen er Vestland skal medverke til at det vert skapt nye arbeidsplassar gjennom omstilling, grøn konkurransekraft og entreprenørskap og Vestland skal utvikle eit framtidsretta og inkluderande arbeids- og næringsliv basert på regionale fortynn, forsking og innovasjon”.*

FORREGION VESTLAND – BEDRIFT sitt bidrag er å styrke konkurransekrafta til bedrifter ved hjelp av forsking.

### HOVUDMÅL

*Meir bruk av forsking i næringslivet som kan bidrar til innovasjon, berekraftig verdiskaping, grøn konkurransekraft og klimaomstilling i Vestland fylke.*

### DELMÅL

- 1) Høg kvalitet på aktivitet i prosjektet og leveranse i tråd med fastsett prosjektplan.
- 2) Nye samarbeidsformer om mobilisering til forsking som legg betre til rette for at bedriftene kan tilegne seg og ta i bruk ny kunnskap (auka absorpsjonskapasitet)
- 3) Reduserte geografiske skiljeliner med omsyn til bruk av forsking mellom by og land i heile det nye fylket, og auka erfaringsdeling på tvers av sektorar.

## TEMATISKE PRIORITERINGAR

Hovudutval for næring i Vestland fylke har vedteke følgjande tematiske prioriteringar for FORREGION Vestland i 2022 og 2023:

- A) Berekraftig og eksportrettet industriutvikling samt havøkonomi
- B) Sirkulær økonomi – berekraftig ressursforvaltning
- C) Bioøkonomi «blå» og «grøn» - produksjon av mat og berekraftig bruk av biologiske ressursar
- D) Grøn» gjenoppbygging av reiselivet etter pandemien

Temaplan forsking for Vestland fylke 2022 – 2027 gir meir informasjon om innhaldet i dei fire prioriteringane. Det er ønskjeleg med merksemd mot forskings- og innovasjonsbehov i Grøn Region Vestland/Vestlandsporteføljen.

## INNRETTING AV ARBEIDET

Styret for Regionalt forskingsfond Vestland vil i perioden 2022 – 2023 også vere styringsgruppe for FORREGION Vestland med ansvar for forvalting av midlar og mobilisering til meir forsking i bedrifter. Styret for RFF Vestland vil få eit særleg ansvar for å koordinere forholdet mellom søkermidlar i RFF Vestland og i FORREGION Vestland.

FORREGION Vestland skal oppretthalde dialogen med den regionale partnarskapen [\*\*«Næringsforum Vestland»\*\*](#), og deira arbeidsgruppe [\*\*FoU-forum Vestland\*\*](#)

Sekretariatet for RFF Vestland vil få eit utvida ansvar for å ivareta det administrative arbeidet knytt til FORREGION Vestland.

Vestland fylkeskommune skal gjennomføre FORREGION Vestland i partnarskap med Høgskulen på Vestlandet (HVL) og Vestlandsforskning. Partnarane har over fleire år arbeidd med mobilisering til forsking og deltaking i tidlegare FORREGION-prosjekt. FORREGION Vestland tek med seg mykje erfaring og høg kompetanse innan forskingsmobilisering som grunnlag for leveransen.

Innovasjon og omstilling vert ofte utvikla i samspel mellom aktørar med ulik kunnskap.

[\*\*Scenarionalyse for Vestland \(EY, 2020\)\*\*](#) med det påfølgjande [\*\*Grøn region Vestland\*\*](#) og innovasjonsforsking finansiert av RFF Vestlandet (HVL, 2020) syner den store betydninga av innovasjonssamarbeid. Særleg er potensialet stort om samspelet skjer mellom relaterte bransjeområde, der avstand mellom fagkunnskap ikkje er stor. FORREGION Vestland skal bygge på og bidra til å styrka samhandling i innovasjonsøkosystem i fylket. Satsinga vil skje på tvers av bransjeområder.

FORREGION Vestland skal halde fram samarbeide med Kapasitetsløfta i Vestland. Vestland har mange næringsklynger, næringshagar og inkubatorar. Desse vil vere viktige samarbeidspartnarar. Vi skal også ha ein god dialog med Innovasjon Norge og samarbeide om mobilisering til Horisont Europa med nettverksprosjektet Horisont Vestland.

Vestland fylkeskommune samarbeider med KS og Forskningsrådet regionalt om å ta i bruk kompetansemekling i kommunal sektor og vil med eigne ressursar hente erfaring og kompetanse frå FORREGION Vestland. Læring og erfaringsutveksling skjer mellom anna gjennom Regionalt FoU-forum. Det er ein ambisjon i Temaplan forsking for Vestland fylke å styrke dette arbeidet. Frå hausten 2022 er det sett i verk eit arbeide med kompetansemekling i kommunal sektor med fylkeskommunale midlar. Dette er vidareført og forsterka med fylkeskommunale midlar i 2023.

Det vert laga ein eigen handlingsplan for FORREGION VESTLAND KOMMUNE i 2023.

FORREGION Vestland skal arbeide for å redusere geografiske skiljelinjer med omsyn til bruk av forsking i heile fylket, og søke målretta involvering av aktørar med komplementær rolle og kompetanse knytt til økosystem for innovasjon. Vi vil bygge vidare på erfaring frå innovasjonsarbeidet i Sogn og Fjordane med ein sterkare grad av rural arbeidsplattform, basert på eit meir oversiktleg aktorbilete. Rurale innovasjonsmodellar er relevant for mobilisering til forsking i store delar av Vestland fylke utanom Bergensområdet.

## VERKEMIDDEL I FORREGION VESTLAND - BEDRIFT:

Kompetansemekling er relevant for alle delmåla og hovedaktivitet i prosjektet.

Kompetansemeklarane er nøkkelaktørane i FORREGION Vestland og er ansikt ut mot bedriftene.

Kompetansemeklingnyttast til første kontakt med bedrifter som har liten erfaring med forsking, men kan også nyttast for å støtte innovasjonsarbeid i bedrifter med noko forskingserfaring.

Kompetansemeklarane følger også opp både uerfarne og meir erfarne bedrifter som har starta arbeidet med FoU-prosjekt men som ikkje har lukkast i søknadsprosessen. Bedriftene får hjelp til å omarbeide prosjektskildringa og å finne rett finansieringskjelde til sitt prosjekt. Meklinga kjem ofte til i samarbeid med RFF Vestland og Forskningsrådet sine regionansvarlege.

Kompetansemeklarane deltek dessutan i prosjektverkstader saman med RFF og Forskningsrådet, og tilbyr meklingssamtalar med bedriftene etter plenumssesjonar. FoU-møta finansiert av FORREGION, er også ein gode arenaer for kompetansemekling.

Arbeidsforma er målretta mot å auke suksessraten inn mot RFF Vestland og Forskningsrådet sine bedriftsretta utlysingar. Kompetansemeklinga fekk ein ny dynamikk under koronapandemien, med utstrekkt bruk av digital kontakt, særleg i første fase av meklingsarbeidet. Erfaring er at det i mange tilfelle er praktisk avklarande og passe forpliktande med ei slik første digital kontaktflate. Neste kontakt skjer gjerne fysisk, eller med fleire aktørar til stades i digitale rom. Denne erfaringa tek vi med oss vidare no etter pandemien.

SINTEF si følgjeevaluering av FORREGION (Finne/Torvatn, 2020) peiker på at det er viktig stadig å utvikle kompetansemekling som verktøy og å arbeide med erfaringsoverføring og gjensidig læring mellom meklarane slik at desse også kan få ein felles plattform å arbeide ut frå. I FORREGION Vestland skal programleiar ha møte med koordinator ved HVL og Vestlandsforskning kvar veke og fleire møte kvart halvår for alle kompetansemeklarane. På desse møta skal vi utveksle erfaring, drøfte framdrift i prosjektet og samarbeidet med andre aktørar som klynger, næringshagar, inkubatorar og kunnskapsparkar.

FoU-møte skal ta utgangspunkt i konkrete problemstillingar med forskingsbehov. Møta skal bidra til eit meir systematisk samarbeide med næringshagar, inkubatorar, kapasitetsløft og klynger om gode arenaer for aktivitet i FORREGION – jf. delmål 2 ovanfor. Desse vert invitert til å organisere og gjennomføre FoU-møte saman med kompetansemeklarar.

Kompetansemeklaren kan bidra i FoU- møta med a) finne rett metode for møte, b) få opp presise problemstillingar som kan løysast med forsking, c) leie drøfting av faglege problemstillingar og d) gjennomføre kompetansemeklingsmøte med konkrete bedrifter under og/eller etter møtet.

Ansvarleg organisasjon for FoU-møtet skal lage prosjektplan og sende søknad til Vestland fylkeskommune via Regionalforvaltning om å få dekka utgifter til førebuing, gjennomføring og oppfølging.

Som verkemiddelet har FoU-møte stort potensial både for å utvikle nye gode FoU prosjekt, men syner seg også som godt grunnlag for å styrke samarbeidet i dei regionale innovasjonsøkosystema. Det er derfor lagt opp til å styrke denne ordninga i 2023. Det vil i løpet av året bli vurdert å breie samarbeidet ut over etablerte klynger, inkubatorar, næringshagar og kapasitetsløft der dette kan synast tenleg.

Mobilitet er i FORREGION Vestland "Hospitering frå bedrift til FoU- organisasjon" og «Forskar til låns» som er hospitering frå FoU-organisasjon til bedrift. Hospiteringa skal gjennomførast i tett samspel mellom partane som inngår i mobilitetsaktiviteten. Mobilitet egnar seg til å bygge bru mellom akademia og bedrifter, og er eit viktig verkemiddel for å auke absorpsjonskapasitet både i FoU-institusjonane som er involvert og i bedriftene. Målsettinga kan til dømes vere felles prosjektutvikling/ større samarbeidsprosjekt, søknader om forskingsfinansiering og etablering av Nærings-Ph.d.. Denne ordninga har vore noko vanskeleg å arbeide fram med gode prosjekt i 2022. Det synast som om tilbodet om støtte til forprosjekt er meir ettertrakta. Det kan ha med storleiken på tilskota, der Mobilitet har ei øvre ramme på kr. 100 000 i støtte, medan støtta til Forprosjekt er inntil kr. 200 000. Ordninga er derfor noko redusert i 2023, men ikkje avvikla.

Forprosjekt ordninga i FORREGION er retta mot bedrifter med liten eller ingen forskingserfaring. Verkemiddelet gjev bedriftene høve til å avklare nokre første innleiande problemstillingar saman med ein forskar og fungerer som eit første trinn i «forskingstrappa». Det neste trinnet kan vere eit RFF- prosjekt eller søknad til nasjonale ordningar i Forskningsrådet. Ordninga har fungert godt i 2022 og er derfor noko styrka i 2023.

## INNSATS, MÅL OG EFFEKT

| Innsatsfaktor<br>Menneskelege ressursar og økonomiske midlar i FORREGION Vestland-prosjektet   |   |
|--|---|
| Aktivitetsmål 2023   | Resultatmål i 2023  |
| <ul style="list-style-type: none"> <li>• 150 unike enkeltbedrifter i kompetanse-mekling</li> <li>• 10 FoU-møte</li> <li>• 4 Mobilitetsprosjekt</li> <li>• 9 Forprosjekt</li> <li>• 2 prosjektverkstader saman med Forskningsrådet, KS og RFF Vestland</li> <li>• Likestilling og kjønnsbalanse 2023</li> </ul> | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Bidratt til 10 forprosjekt/kvalifiseringssøknader frå bedrifter til RFF Vestland og Forskningsrådet</li> <li>• Bidratt til 10 søknader til IPN og andre hovudutlysingar i Forskningsrådet og RFF Europa.</li> <li>• Bidratt til 5 søknadsinitiativ til Horisont Europa.</li> <li>• Bidratt til meir likestilling og kjønnsbalanse i forskningsbaserte innovasjonsprosessar i næringslivet</li> </ul> |
| <b>Samfunnseffekt:</b> Eit styrka økosystem for forskningsbasert innovasjon.<br>Næringslivet har auka bruk av forsking som har bidrige til innovasjon, berekraftig verdiskaping, grøn konkurranseskraft og klimaomstilling.  |   |

## KOMMUNIKASJON OG FORMIDLING

FORREGION Vestland har ei landingsside på Vestland fylkeskommune si nettside. I tråd med endringar i forskrift for FORREGION, vil det verte meir bruk av heimesida til RFF Vestland også for mobiliseringsarbeidet. Her vil det mellom anna verte publisert utlysingar for begge verkemidla. Det er i 2022 oppretta ei LinkedIn side for FORREGION Vestland. Det må avklarast om denne skal utviklast til ei felles side for FORREGION Vestland og RFF Vestland. Det vert sett av noko eigne midlar til å administrere og utvikle kommunikasjonskanalen - både på LinkedIn plattforma og korleis denne står i høve til heimesider både hos fylkeskommune og forskingsfondet.

Det vert lagt opp til å halde fram med felles prosjektverkstader og andre arrangement saman med RFF Vestland og Forskningsrådet. Prinsippet om eit tett samarbeid med næringshagar, inkubatorarar, kunnskapsparkar og kapasitetsløft som arenaer for kompetansemekling og FoU-møte, vil og vere viktig å vår kommunikasjonsstrategi. Vi ønskjer å aktivt nytte dei eksisterande kanalane til desse partnarane for å fremme verkemidla og tenestetilboda i FORREGION Vestland ut mot deira tilknytt bedrifter. Til saman vil desse miljø dekke store delar av næringslivet i Vestland.

Vi ønskjer å styrke formidling av resultat frå arbeidet, både mot næringslivet og mot akademia. RFF Vestlandet har i fleire år nytta forsking.no som kanal for formidling av prosjektresultat. Vi vil vurdere å gjere liknande med særskilt interessante resultat frå FORREGION Vestland.

## MILJØKONSEKVENSAR

FORREGION Vestland har ambisjon om å bidra til kunnskap i det grøne skiftet og vil kunne gi positive miljøkonsekvensar.

## LIKESTILLING OG KJØNNSBALANSE

FORREGION hadde i 2020 to viktige prosjekt retta mot likestilling og kjønnsbalanse; «Kvinneløftet FixIT/FixIT Digital» og «Kvinnenettverket Vest ut og fram». Prosjekta var leia av Vestlandsforskning og HVL, der sentrale personar no er med som kompetansemeklarar. FORREGION Vestland vil legge resultat frå prosjekta til grunn i eit målretta arbeide med å få fleire kvinner involvert i

forskningsbasert innovasjonsarbeide i bedrifter. FORREGION Vestland har i gjennomføringa av programarbeidet rekruttert minimum 40 % av sine medarbeidarar frå begge kjønn.

## ORGANISERING

Styret i RFF Vestland har frå 2022 også vore styringsgruppe for FORREGION Vestland. Dette for å sikre tettare kopling mellom mobilisering til og finansiering av forskning. Sjå avsnitt over.

FORREGION Vestland er leia av Vestland fylkeskommune, men organisert som partnarskap mellom Høgskulen på Vestlandet (HVL), Vestlandsforskning og Vestland fylkeskommune. Partnarskapet vil gi FORREGION Vestland tydeleg plattform til å fremje forsking som grunnlag for innovasjon og i samspel med andre innovasjonsverkemiddel. HVL og Vestlandsforskning har over fleire år vore involvert i kompetansemekling og driv kunnskapsutvikling og forsking på regional utvikling og føresetnader i næringslivet. Begge organisasjonane er tett på næringslivet gjennom regionale samarbeidsarenaer, forskningssamarbeid og annan bedriftskontakt. t.d. gjennom studentoppgåver i bedrift og tilknyting til kapasitetsløft prosjekta i Vestland.

Vestlandsforskning har erfaring og nettverk frå kompetansemekling i nordre del av fylket, medan HVL har tilsvarende frå sør i fylket. I partnarskapen ønsker vi å utnytte miljøa sin kompetanse, erfaring og nettverk til beste for heile Vestland fylke. Det inneber at ein ønsker å trekke Vestlandsforskning sin aktivitet sørover i fylket (td. innan fagfelt som stordata, klima, reiseliv og landbruk mv.), medan HVL vert trekt nordover (td. gjennom sin desentraliserte campusstruktur og innan marin og maritim industri mv.). Samla har partnarskapen rett fagleg kompetanse, er til stades og har god forståing av geografi, utfordringar og næringsmiljø i heile fylket. Kompetansemeklarane si faglege kompetanse skal nyttast inn mot relevante problemstillingar i bedrifter lokalisert i Vestland fylke

Vestland fylkeskommune har ansvar for leiing, koordinering økonomi og forvaltar dei søkermidlar i FORREGION Vestland. Vestlandsforskning og HVL utfører kompetansemekling, mobiliserer bedrifter til å etablere forskningsprosjekt og bruke mobilitet som grunnlag i innovasjonsarbeidet. De har og oppgåver i organisering og gjennomføring av Fou-møta.

Jone Engelsvold i Vestland fylkeskommune leier sekretariatsleiar både for FORREGION VESTLAND og RFF Vestland.

Følgjande personar er knytt til prosjektet i 2023:

Vestland fylkeskommune: Jone Engelsvold (leiari), Marie Stenbakk Knutsen (rådgivar) og Siri Hanson (forvaltning av søkermidlar, vurdering av søkernader). I 2022-2023 er Alexander Skjelbred Irgens tilsett som trainee.

Vestlandsforskning: Torunn G. Hønsi (seniorforskar), Øyvind Heimset Larsen (seniorforskar / koordinator), Hilde G. Corneliusen (seniorforskar), Ivar Petter Grøtte (forskingssleiar). Alle er tilsett som forskarar med kjernekompesanse innan digitalisering, berekraftig bruk av ressursar, grønt og berekraftig næringsliv, klimaomstilling, reiseliv, lokal mat, kvinner og teknologi og internasjonalisering. Alle har erfaring frå arbeid med næringsliv og fleire har vore kompetansemeklarar før. Det er aktuelt å knyte til seg ein person til.

HVL: Rannveig Litlabø (koordinator, 1.am), Kristoffer Fagervoll Sortland (innovasjonsrådgjevar), Sindre Frystad (innovasjonsrådgjevar), Kjersti Skjervheim (innovasjonsrådgjevar) og Øystein Stavø Høvig (1.am). Kompetansemeklarane ved HVL har særleg kompetanse innan energi, maritim sektor, marin sektor og teknologiområdet. Det er aktuelt å rekruttere fleire personar frå HVL.

Norges forskningsråd: Rigmor Fardal og Merete Lunde deltek i prosjektleiarteamet. Desse arbeider mellom anna med å gjennomføre prosjektverkstader i samarbeid med FORREGION Vestland og RFF Vestland.

Rannveig Litlabø (HVL) og Øyvind Heimset Larsen (Vestlandsforskning) koordinerer kompetansemeklarane i kvar sin organisasjon. Jone Engelsvold (VLFK) har løpende kontakt med koordinatorane leie prosjektleiarmøta kvar veke, og fleire årlege møte med alle involverte i

prosjektet. Desse møta vil i første rekke vere digitale, men det vil også verte fysiske samlingar i 2023

## ØKONOMI 2023

FORREGION Vestland er utvikla i ein partnarskap der deltakarane både utfører og delvis finansierer aktiviteten. Største bidragsytar er Kommunaldepartementet, som har løyvt kr. 6 158 000 over Statsbudsjettet for 2023. Dette er ei auke på kr. 158 000 frå 2022. Dei andre finansieringskjeldene er på tilsvarende nivå som i 2022.

| Budsjett – Utgifter 2023                        | I heile 1000 kroner |
|---|---------------------|
| Hovudaktivitetar - kommentar                    |                     |
| Forprosjekter i bedrift – midlar til utlysing – | 1 800               |
| Kompetansemekling HVL                           | 2 850               |
| Kompetansemekling Vestlandsforskning            | 1 650               |
| FoU møte – midlar til utlysing                  | 700                 |
| Mobilitet – midlar til utlysing -               | 400                 |
| Prosjektleiing –timar Vestland fylkeskommune    | 450                 |
| Kommunikasjon                                   | 50                  |
| Diverse utgifter                                | 58                  |
| SUM   | 7 958               |

| FINANSIERING   | I HEILE 1000 KRONER |
|--|---------------------|
| Kommunaldepartementet (KDD) – auke med kr. 158 000 i høve 2022 | 6 158               |
| Eigeninnsats kompetansemekling HVL –                           | 575                 |
| Eigeninnsats kompetansemekling Vestlandsforskning              | 325                 |
| Eigeninnsats administrasjon Vestland fylkeskommune -           | 450                 |
| Delfinansiering verkemidlar – Vestland fylkeskommune-          | 450                 |
| SUM  | 7 958               |